
Fra: Marita Kvalheim <maritakvalheim@hotmail.com>
Sendt: 20. mai 2014 13:58
Til: Postmottak Lindås
Emne: Høyringsuttale fiberbreiband utbygging

Hei!

Me stiller oss svært positive til utbygging av fiberbreiband i området Ostereidet og sør/vestover fordelt på dei ulike tettstadane langs E39!

Me er nyinnflytta i Breivika på Eknes, og her ser me eit stort behov for å få eit meir stabilt og godt nettverk. Det er også mykje nybygg og tomter for salg i feltet ved sidan av Brevika, Kaldalen. Her er det allereie fleire unge folk som har flytta til. Det er fortsatt fleire tomter for salg, så desse feltområda er i stor vekst, og ein ser eit generasjonsbytte! Behovet for å ha eit godt, stabilt tilbod innan digital kommunikasjon vert ikkje mindre med åra. Både innan jobb og skulesamanheng er ein heilt avhengig av digital kommunikasjon som fungerer! Det er blant anna fleire arbeidsgivarar som legg opp til at ein kan jobbe heimefrå, og da vil særleg eit stabilt nettverk vera eit stort behov. Dette vil også vera ein stor, positiv fordel når det gjeldt å få unge folk til å flytta tilbake til bygda, eller forsetje å bu i bygda.

Med venlig helsing
Marita Kvalheim og Espen Tvedt